

Pressemelding

Bokbåten på vårtur i Hordaland

Bokbåten Epos er på vårtur i Hordaland frå 20.mars til 21.april. Lasta med bøker, lydbøker og kulturprogram kjem båten til kai 57 stader i 22 kommunar i fylket.

Bokbåttenesta er Vestlandet si unike flytande bibliotekteneste. Den er eit samarbeidstiltak mellom fylkesbiblioteka i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. To gonger i året besøker Bokbåten øyar ytst i havgapet og bygder inst inne i fjordane. På kvar stad blir det tatt i land eit minibibliotek som folk kan låne frå til bokbåten kjem att.

Då stadig fleir ynskjer seg besøk av Bokbåten er turneen utvida med ein dag. Ullensvang, Tysnes, Sund og Askøy har fått nye stopp.

Kulturprogrammet er dokketeaterførestillinga "Luft og Kjærleik" av og med Giert Werring. Han er for mange synonymt med figurteater og står for manus, produksjon og framføring. Dei to dokkene Baldrian og Musa er hovudpersonane i førestillinga. Historia vart i 2008 gjeven ut som biletbok med tittelen Baldrian og Musa og Lengselen med illustrasjonar av Tiril Valeur Holter-Andersen.

Kulturprogrammet er eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken i Hordaland, og er støtta av Folkeakademiet i Hordaland.

Bokbåten har eiga nettside på www.bokbaten.no og på bokbåten.no/klubben kan born mellom 5 og 12 år finne bokmeldingar, spel og konkurransar.

Bokbåten er ei moderne og innovativ bibliotekteneste og ein kan no bli ven med tenesta på facebook. Her har bokbåten mange vener, deriblant "søsterbåten" som går i Stockholms skjærgård i tillegg til bibliotekbrukarar, forfattarar og bibliotek i Skandinavia.

Hordaland fylkesbibliotek
Kontaktpersonar:

Ruth Ørnholt
Ritha Helland

Tlf. 55 23 93 76 / Bokbåten Epos tlf. 958 556 57/415 81 174

E-post:

ruth.ornholt@post.hfk.no

ritha.helland@post.hfk.no